

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: E-post
Dato: 19.02.2019
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	Vik
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	Voss
Frode Merkesvik	Medlem	Høyanger
Liv-Anne Aanesen	Medlem	Modalen
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Sogn og Fjordane FK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Ulvund	Medlem	Hordaland FK

Merknader

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll

Sigbjørn Hauge

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 4/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 5/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 6/19	Stølsheimen landskapsvernområde - kjentmannskøyning for Hordaland Røde Kors Hjelpekorps, område 4		2018/508

ST 4/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.02.2019

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 5/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.02.2019

Vedtak

Møteprotokoll 19.02.2019 er godkjent elektronisk av Olav Turvoll og Sigbjørn Hauge.

ST 6/19 Stølsheimen landskapsvernområde - kjentmannskøyning for Hordaland Røde Kors Hjelpekorps, område 4

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 19.02.2019

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Hordaland Røde Kors Hjelpekorps, område 4 løyve til kjentmannskøyning i perioden 2019-2023 for kvista skiløyper og evakueringsrute i Stølsheimen landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i

verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyning skal avgrensast til rutene som er godkjent, og i samsvar med øvingsplanen. Køyninga skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Kjentmannsturane skal samordnast mellom Hjelpekorpsa slik at turane vert køyrt felles og samla til ein til to dagar, slik det er sett opp i godkjent øvingsplan.
- Det skal ikkje køyrast kjentmannstur etter fredagen i palmehelga det enkelte året.
- Under køyning skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området. Dersom det er villrein i området under køyning, må det takast særskilt omsyn for ikkje å uroa dyra.
- Politiet varslar SNO gjennom utsending av køyreordre for kvar kjentmannstur. SNO vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, og om naudsynt utsette køyninga av omsyn til villreinen.
- Innan 1. juni kvart år i løyveperioden skal det sendast rapport til Stølsheimen verneområdestyre med informasjon om tal turane og dato, tal snøskuterar og køyrorute. Forvaltninga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.

Kjentmannsturane gjeld fylgjande område jf. øvingsplanen for 2019-2023:

Veke, tal turar	RKH	Rute for kjentmannsturane	Tal køyretøy
v. 8-16, 1-2 turar	Vaksdal, Voss, Vossestrand	Holskardvatnet – Åsebotn – Stølsvatnet – Solrenningane – Nordalshytta. Rv. 13 – Selhamar – Solrenningane. Samordna med kvisting av løype	12 skuterar/ ATV
v. 7-16, 1-2 turar	Vossestrand	Myrkdalen – Sendedalen – Rv. 13. Evakueringsruta frå Myrkdalen til Sendedalen i regi av Statens vegvesen	10 skuterar

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.